



Møteprotokoll for Administrasjonsutval

Møtedato: 01.09.2021
Møtestad: Alver rådhus, kantina
Møtetid: 08:00 - 09:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Øyvind Oddekav	AP	Utvalsløiar
Liv Berit Haukås	FAGF	Medlem
Jarle Næss	UDF	Medlem
Silje Fanebust	NSF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Nestløiar
Maria Færø	UAVH	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kathrine Martinsen-HR løiar, Lisbeth Alvær-kommunalsjef, Martin W. Kulild-ass.rådmann, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
016/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
017/21	Godkjenning av møteprotokoll
018/21	Økonomiplan 2022 - 2025
019/21	Melding/orientering til administrasjonsutvalet 01.09.2021

016/21: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Administrasjonsutval 01.09.2021:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

ADM- 016/21 Vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

017/21: Godkjenning av møteprotokoll**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent.

Administrasjonsutval 01.09.2021:**Handsaming:**

Ingen merknader, samrøystes.

ADM- 017/21 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

018/21: Økonomiplan 2022 - 2025**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Framlegg til økonomiplan drift og rammer for 2022 i samsvar med § 5-4 bevillingsoversikt drift 1A og 1B vert vedteke.
Oppdatert framlegg til budsjett for 2022 og økonomiplan 2022-2025 med korrekt ramme for rammetilskot og skatt basert på framlegg til statsbudsjettet for 2022 og utgiftsrammer for sektorane inkludert lønns – og prisstigning til 2022-prisnivå vert lagt fram for kommunestyret til behandling i desember 2021.
2. Framlegg til investeringsplan for perioden 2022-2025 og investeringsbudsjettet for 2022 vert vedteke i samsvar med § 5-5 bevillingsoversikt investering 2A og 2B.
Rådmannen får fullmakt til å justere investeringsbudsjettet for 2022 i samsvar med forventa framdrift på prosjekta som pågår i 2021. Dette betyr at prosjekta som pågår i 2021 som har endra framdrift per 2. tertialrapport vert flytta til 2022 i framlegget til budsjett for 2022 vert fremja i desember 2021. Investeringsbudsjettet vert ikkje prisjustert frå 2021-nivå til 2022-nivå, då det i gjeldande framlegg er lagt til grunn korrekt prisnivå.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.08.2021:**Handsaming:****Fellesframlegg v/Reidar Knutsen:**

RMNF ser med stort alvor på den økonomiske stoda for Alver kommune. RMNF meiner at å redusera tenestetilbodet vil gå ut over livskvaliteten for menneske med nedsett funksjonsevne. RMNF er kjent med at fleire opplever at tenestene allereie ligg på eit minimumsnivå, og RMNF ber kommunen vurdere andre innsparingar og auka inntekter.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 034/21 uttale:

RMNF ser med stort alvor på den økonomiske stoda for Alver kommune. RMNF meiner at å redusera tenestetilbodet vil gå ut over livskvaliteten for menneske med nedsett funksjonsevne. RMNF er kjent med at fleire opplever at tenestene allereie ligg på eit minimumsnivå, og RMNF ber kommunen vurdere andre innsparingar og auka inntekter.

Ungdomsråd 30.08.2021:**Handsaming:**

Orientering i saka ved Robert Lorange Hansen

Framlegg til uttale:

Ungdomsrådet har i hovudsak sett nærare på dei tiltak i økonomiplanen som påverkar born og unge.

Ungdomsrådet er nøgde med at rådmannen sitt framlegg vil avvente å redusere 2 årsverk førebyggjande arbeid stab oppvekst og kultur, slik ungdomsrådet råda til ved handsaming av

Økonomiplan desember 2020. Ungdomsrådet skulle helst sett at ein tok vekk tiltaket frå lista over moglege tiltak, aller helst auka desse ressursane.

Ungdomsrådet vil følgje opp behandlinga av økonomiplan fram mot endeleg handsaming i desember.

Uttale frå ungdomsrådet vart samrøystes vedteke.

UR- 037/21 uttale:

Ungdomsrådet har i hovudsak sett nærare på dei tiltak i økonomiplanen som påverkar born og unge.

Ungdomsrådet er nøgde med at rådmannen sitt framlegg vil avvente å redusere 2 årsverk førebyggjande arbeid stab oppvekst og kultur, slik ungdomsrådet råda til ved handsaming av økonomiplan desember 2020. Ungdomsrådet skulle helst sett at ein tok vekk tiltaket frå lista over moglege tiltak, aller helst auka desse ressursane.

Ungdomsrådet vil følgje opp behandlinga av økonomiplan fram mot endeleg handsaming i desember.

Administrasjonsutval 01.09.2021:

Handsaming:

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte.

Økonomiplan 2022-2025 vart teke til orienteing, samrøystes.

ADM- 018/21 uttale

Økonomiplan 2022-2025 er teke til orienteing.

019/21: Melding/orientering til administrasjonsutvalet 01.09.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering

Administrasjonsutval 01.09.2021:

Handsaming:

Meldingar/orienteringar til ad.utv.:

- Koronarelatert fråvær ved ass.rådm,ann Martin Kulild
- Sjuka-fråvær ved ass.rådmann Martin Kulild
- Info om lønsharmonisering ved rådmann Ørjan Raknes Forthun
- Heiltidskultur – oppdatert info etter aktivitetar i mai/juni + planer fremover ved HR-leiar Kathrine Martinsen
- Oppfølging fra forrige Administrasjonsutvalsmøte, AML § 14-9 f.– praktisering i Alver kommune, anslag/tal det gjelder hos oss ved HR-leiar Kathrine Martinsen

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ADM- 019/21 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering